Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1995/2849/57
Attesteringstidspunkt 2025-11-07 13:25

REGISTRERT
SØRE SUNNMØRE
SORENSKRIVAREMBETE
12 JUL 1995
DAGBOKNR. 2849

TILLEGG TIL LEIGEAVTALE MELLOM VOLDA HOTELL AS (UTLEIGAR) OG VOLDA TURISTHOTELL AS (LEIGAR) AV 2.5.78, VEDRØRANDE HOTELLBYGG PÅ FESTETOMT NR. 88 OG 89 AV GNR. 19 BNR. 1 I VOLDA

Obm. S034/79

Nytt punkt 1:

Denne leigeavtalen gjeld hotellbygget , kafeteriabygget og amfibygget til utleigaren på gnr. 19, bnr. 589, 590 og 780 i Volda.

Nytt punkt 2:

Leigetida er 20 år. I denne tida er kontrakta uoppseieleg frå utleigaren si side så lenge ho ikkje vert misleghalden. Leigaren kan seie opp kontrakta med 6 - seks - månaders varsel.

Nytt punkt 9.1:

Så lenge det kviler lån av eller lån garantert av Kreditkassen på maskiner, reiskap, inventar m.v. i leigde lokaler, skal fyljgjande reglar gjelde:

1. Leigekontrakta kan ikkje gå ut utan Kreditkassen går med på det sjølv om kortare leigetid er avtalt.

2. Kreditkassen eller den som har fått rett frå denne har rett til å tre inn i leigetilhøvet på uendra leigevilkår dersom leigaren mislegheld sine skyldnader andsynes utleigaren eller banken. Utleigaren pliktar å gje melding til banken om misleghaldet slik at banken ved å tre inn i leigetilhøvet kan hindre at kontrakta vert heva.

Endra ordlyd i punkt 3, 1. linje:

«Husleiga skal svare til byggets faktiske driftskostnader,..» vert endra til «Husleiga skal svare til dei faktiske driftskostnadane på bygningane,..».

Doknr: 2849 Tinglyst: 12.07.1995 Emb. 057
STATENS KARTVERK FAST EIENDOM

Endra ordlyd i punkt 5, 1. linje:

«Det er heile hotellbygninga som skal leigast,..» vert endra til «Det er heile hotellbyggget, heile kafeteriabygget og heile amfibygget som skal leigast,..»

Volda, 6/7 - 95

Volda Hotell AS

Utleigar

Volda Turisthotell AS

Leigar

Vedk. pkt. 2:
Leigetida er 20 år frå 6.7.95. I denne tida er kontrakta uoppseieleg frå utleigaren si side så lenge ho ikkje vert misleghalden. Leigaren kan seie opp kontrakta med 6 - seks - månaders varsel.

Volda Hotell AS

Volda Turisthotell AS

REGISTRERT
SØRE SUNNMØRE
SORENSKRIVAREMBETE
12 JUL 1995
DAGBOKNR. 2849

Kartverket
Attestert kopi av dok.nr. 1995/2849/57
Attesteringstidspunkt 2025-11-07 13:25

LEIGEAVTALE MELLOM VOLDA HOTELL A/S (UTLEIGAR) OG VOLDA TURISTHOTELL A/S (LEIGAR).

01 OKT 76 05034
SORENSKRIVAREN I
SØRE SUNNMØRE

RETT GJENGIR BEKREFTES
Sunnmørsbanken a/s

1. Denne leigeavtalen gjeld utleigaren sitt hotellbygg på festetomt nr. 88 og 89 av gnr. 19, bnr. 1 i Volda.

2. Leigetida er 20 år. I denne tida er kontrakta uoppseieleg frå utleigaren si side så lenge ho ikkje vert misleghalden. Leigaren kan seie opp kontrakta med 6 -seks- månaders varsel.

3. Husleiga skal svare til byggets faktiske driftskostnader, herunder også innvendig og utvendig vedlikehald av bygg og anlegg etter pkt. 5.1 og 5.2 nedanfor, samt avskrivning basert på 2% p.a. av byggekostnadane og 10% av lausøyre, då slik at leigebeløpet ikkje skal setjast mindre enn at det også dekkjer faktiske avdrag på gjeld, og slik at så langt avdraga overstig avskrivningane, skal dette akkumulerast og godskrivast leigaren så snart avdraga minkar under avskrivninga. Leiga er førebels sett til kr. 45.000,- pr. månad.

4. Leiga skal betalast for 2 månader om gongen på etterskott.

   I tillegg til den fastsette leiga skal det betalast 10% som skal gå til eit husleigefond. Innbetalinga til fondet skal halda fram til det tilsvarar 4 månaders husleige.

5. Det er heile hotellbygninga som skal leigast, og med rett for leigaren til framleige delar av den til anna verksemd, så langt denne ikkje gjer vesentlege innskrenkningar i hotelldrifta.

5.1. Overfor utleigar har leigar ansvar etter vanlege erstatningsreglar for den skade som han eller hans tilsette måtte gjere så vel på fast eigedom som på inventar og utstyr tilhøyrande utleigar.

   Inn under dette går også skader som gjester måtte gjere i den utstrekning det kan lastast leigar eller hans tilsette at slik skade oppsto.

5.2. Innvendig vedlikehald står leigar for så langt som reglane i Husleigelova § 19 fastset, ut over dette skal utleigar stå for vedlikehaldet.

5.3. Vedlikehald og reparasjonar av maskiner, reiskap og anna lausøyre som går inn i leigeavtalen står leigar for i den utstrekning slikt vedlikehald må påreknast som følgje av den daglege drift.

6.1. Når leigetilhøve er slutt, skal leigar overlevere lokale og utstyr i same stand som då han tok det over, bortsett frå den forringing som kjem av elde, vanleg slitasje og manglar som det påligg utleigar å rette på.

·/.

7.1. Eventuelle tvistar som måtte oppstå om forståinga av denne avtale, eller av andre tilhøve i samband med avtalen, skal i mangel av minneleg semje avgjerast med endeleg verknad av ei voldgiftsnemnd. Nemnda skal ha 3 medlemar, av desse nemner leigar og utleigar opp ein kvar, og desse nemner så opp det 3. medlem som skal vere formann for nemnda og som skal ha juridisk utdanning.

Voldgiftsavgjerda skal avfattast skriftleg. For nemnda sitt arbeid gjeld reglane i Tvistemålslova kap. 32.

8.1. Leigaren godtar utkasting utan søksmål når leigetida er ute, eller når leigesummen ikkje er betalt til forfallstid, jfr.§ 3, pkt. 9 i tvangslova.

Volda, den 2. mai 1978

Olav Tomheim
for Stiftelsen Volda Hotell A/S

Bjørn Skogen
for Volda Turisthotell A/S

VOLDA
TURISTHOTELL
6101 VOLDA

Stempelm: kr 3.000,-

Formularen er godkjent av Den Norske Stats Husbank som bankens skjema nr. 25.

DAGBOK NR. 02046 | DAGBOK FØRT 13.7.71
SØRE SUNNMØRE SORENSKRIVARKONTOR

FESTEKONTRAKT[1)]

§ 1.

Partene og tomta.

Undertegnede Sigurd H. Halkjelsvik

født 6/5- 1907 Gudrun M. Halkjelsvik, f. 30/7- 1908. som eier av eiendommen

Halkjelsvik, gr.nr. 19, br.nr. 1

Eiendommens navn (evt. veinavn og nr.) gnr., bnr., skyldmark eller gatenavn og nr.

i Volda kommune, Möre og Romsdal fylke

fester herved bort til Stiftelsen: Studentheimane i Volda v/ styreformann Nikolay K. Engeset og Jostein Fet

født en ~~hus~~tomt stor 7608 m² av eiendommen.

§ 2.

Nærmere bestemmelse og beskrivelse av tomta.

Her viser ein til målebrev av 28/6-1971 med inntekna kart. Etter gjeldande regulering er det på tomta inntekna ein del til hotell, og grunneigaren og Stiftelsen er samde om å overdra festeretten for dette område til eit eventuelt nytt selskap eller stiftelse i samband med bygging av eit eventuelt hotell.

Festaren plikter å halde forsvarleg gjerde mot attverande eigedom på vestsida av tomta.

§ 3.

Festeavgiften. fastsett av Statens Pristilsyn den 7. juli 1971.

I festeavgift betaler festeren årlig kr. 8.559.-, kroner åttetusenfemhundreogfemtini-

beregnet etter 5 % om året av tomteverdi kr. 171.180.-

Festeavgiften betales ~~halvårlig forskuddsvis~~ etterskotsvis hvert års 1. juli.

og Grunneigaren har rett til å krevje festeavifta regulert kvart 20. år.

1) Festekontrakten må stemples (forsynes med stempelmerker) innen 30 dager etter utstedelsen. Når festekontrakten sendes til tinglysing må:
a. avskrift av kontrakten med alle påtegninger og underskrifter m. v. medsendes,
b. tinglysingsdommeren anmodes om å påføre kontrakten anmerkning om heftelser (pengeheftelser, grunnbyrder o. l.),
c. et tilstrekkelig beløp til tinglysingsgebyr, attestgebyr og returporto medsendes.

Nr. 39 a.
På lager Sem & Stenersen A. Oslo
9-69.

§ 4.

Sikkerheten for festeavgiften.

Til sikkerhet for festeavgiften forbeholder grunneieren seg panterett i de bygninger som oppføres på tomta.

Hvis bygningen(e) er pantsatt til Den Norske Stats Husbank, skal grunneieren til en hver tid dog bare ha prioritet for forfallen avgift for inntil ett år (foruten retten til fremtidig avgift).

Hvis festeavgiften ikke betales i rett tid, er grunneieren berettiget til uten søksmål å inndrive den forfalne avgift og å sette bygningen(e) til tvangsauksjon.

§ 5.

Festetiden.

Festetiden skal være 99 år.

Etter festetidens utløp skal festeren ha rett til å innløse tomta etter dens verdi på løsningstiden med fradrag for verdiøkning som følge av påkostninger og forbedringer bekostet av festeren og dennes forgjengere, dersom ikke grunneieren vil forlenge festekontrakten på rimelige vilkår eller etter lovlig skjønn overta bygningen(e) på tomta og godtgjøre verdiøkningen av tomta som følge av påkostninger og forbedringer bekostet av festeren og dennes forgjengere.

§ 6.

Overdragelse eller pantsettelse av festeretten.

Festeren er berettiget til å overdra eller pantsette festeretten i henhold til denne kontrakt, når dette skjer i samband med overdragelse eller pantsettelse av bygningen(e) på tomta.

I tilfelle av tvangssalg av bygningen(e) er kjøperen berettiget til å overta festeretten.

§ 7.

Særlige vilkår så lenge det hviler lån på bygningen(e) på tomta av Den Norske Stats Husbank.

Så lenge det hviler lån på bygningen(e) på tomta av Den Norske Stats Husbank skal:

a. Festekontrakten ikke utløpe selv om kortere festetid er avtalt.
b. Tomta ikke kunne forlanges ryddet.
c. Festeavgiften ikke kunne forhøyes uten bankens samtykke. I samsvar med § 3.
d. Husbanken eller kommunen i tilfelle av festeledighet være berettiget til å sette inn ny fester på de opprinnelige vilkår for den gjenværende del av festetiden eller evt. lånets løpetid.

§ 8.

Spesielle vilkår.

a/ I innfestning skal festaren ved overtakinga av festekontrakta betale eit beløp som tilsvarar to års festeavgift. Kvar ny eigar av huse på tomta, eller ny festar, skal betale innfestning med eit beløp som til-

svarar 2-to- års gjeldande festeavgift, seinast ein månad etter sal er avgjort eller festeretten overdregen, då skal grunneigaren berre ha krevt prioritet for kravet på innfestning etter lån og nedskrivingsbidrag i Husbanken.

b/ Refusjonskrav for opplating av gategrunn og gateopparbeiding o.l. er grunneigaren uvedkomande i festetida.

c/ Skulle det offentlege eller andre greigne tomta eller delar av denne, skal heile grunnerstatninga tilfalle grunneigaren, mot tilsvarande reduksjon av festeavgifta.

§ 9.

Dekning av utgifter i samband med bortfestingen.

Utgiftene til måling og kartlegging av tomta samt stempling og tinglysing av festekontrakten bæres av festaren.

§ 10.

Ikrafttreden.

Denne kontrakt trer i kraft 10. juli 1971.
Første forfallsdag betales avgift bare for den tid som kontrakten har vært i kraft.

Denne kontrakt er utferdiget i to eksemplarer, som grunneieren og festeren hver har ett av.

Som grunneier:

Volda den 10. juli 1971.

S. H. Halkjelsvik
S. H. Halkjelsvik
(grunneier)

Gudrun M. Halkjelsvik.

Herved bekreftes at grunneieren har underskrevet kontrakten i vårt nærvær og at han er over 20 år.

1. E. Aarseth

2. Advokat E. Aarseth Volda

Som fester:

Volda den 10. juli 1971

for Studentheimane i Volda
Nikolai Engset. Joshem Fet
(fester)

Herved bekreftes at festeren har underskrevet kontrakten i vårt nærvær og at han er over 20 år.

1. E. Aarseth

2. Advokat E. Aarseth Volda

REGISTRERT
SØRE SUNNMØRE
SORENSKRIVAREMBETE
-9 AUG 2001
DAGBOKNR 3238

TILLEGGSAVTALE

Mellom

Brit Halkjelsvik Friisvold

og

Volda Hotell A/S

er inngått følgjande tilleggsavtale vedrørane følgande festetomter:

GNR. 19 BNR. 589 Festekontrakt av 05.10.1976, dagboknr 511, tinglyst 01.02.1977.
" 19 " 590 Festekontrakt av 02.02.1977, dagboknr 680, tinglyst 09.02.1977
" 19 " 780 Festekontrakt av 10.07.1971, dagboknr 2046, tinglyst 13.07.1971

Det samla arealet for desse bruksnr. er 2.888,1 M²:

Gnr. 19, bnr. 589	1.789,8 M²
" 19, bnr. 590	117,3 M²
" 19, bnr. 780	981,0 M²

1. **Festeavgift.**
I festeavgift betalar festaren samla for dei 3 tomtene årleg kr. 60.650,- innan kvart års 31.12.
Festeavgifta er utrekna på grunnleg av kr. 300,- pr. M² og 7% renter.

2. **Regulering.**
Festeavgifta kan av festar og/eller grunneigar krevjast regulert kvart 10. år i samsvar med endringa i rentenivået og/eller eigedomens verdi.
Festeavgifta kan første gong regulerast med verknad frå 01.01.2010.

3. **Tinglysing.**
Denne tilleggsavtalen skal etter semje mellom partane tinglysast som hefte på eigedomane gnr. 19, bnr. 589, 590 og 780 i Volda kommune.

Volda, den 20/12-00

Eidsbygda, den 28/12-00

For Volda Hotell A/S

Bjørn Skogen

Brit Halkjelsvik Friisvold

Brit Halkjelsvik Friisvold

REGISTRERT
SØRE SUNNMØRE
SORENSKRIVAREMBETE
-9 AUG 2001

FESTEKONTRAKT

Underskrivne Sigurd H. Halkjelsvik, fødd 6.5.1907, og kona Gudrun M. Halkjelsvik, fødd 30.8.1908, eigar av g.nr. 19, b.nr. 1 i Volda, fester bort ei hotelltomt til Volda Hotell A/S. Tomta ligg i "Porsemyra" ved studentheimane og Syd for Porsemyrvegen. Viser til målebrev dagsett 27.9.76, der storleik og grenser er beskrevne.

DAGBOKNR.	DAGBOKFØRT
000680	09.2.77
SØRE SUNNMØRE SORENSKRIVAREMBETE	

Festevilkåra er desse:

1. Festetida er 99 - nittini - år frå dato.

2. I festeavgift skal festaren eller seinare festarar betale etter gjeldande takst kr. 158,35 -- etthundreogfemtiåtte 35/100--- for året, innan kvart års 31. des. Etter semje mellom partane kan festar og/eller grunneigar krevje festeavgifta regulert kvart 20. år i samsvar med rentenivået og/eller eigedomens verdi.

3. I innfesting skal festaren betale kr. 316,70 ved overtaking av festekontrakta.
Kvar ny eigar av hus på tomta skal i ny innfesting betale ein sum som tilsvarar 2 - to - års gjeldande festeavgift innen ein måned etter at sal av hus på tomta er avgjort.

4. Grunneigaren skal ha 1. pr. pant i hus på tomta for forfallen festeavgift for 1 år forutan retten til framtidig avgift.

5. Reñusjonskrav for opplating av grunn, gate-opparbeiding o.l. er grunneigaren uvedkommande i festetida.

6. Skulle det offentlege eller andre oreige tomta eller deler av denne, skal heile grunnerstatninga tilfalle grunneigaren, mot tilsvarande reduksjon av festeavgifta i høve til attværande areal.

7. Festaren pliktar og halde forsvarleg gjerde mot min attværande eigedom på vestsida av tomta.

8. Kostnadene ved overdraginga ber festaren.

9. Dei långjevarane som har pant i leigeretten og husa på tomta har rett, til å tre inn i leigetilhøvet på uendra vilkår dersom leigaren mislegheld sine skuldnader til grunneigaren eller långjevarane. Grunneigaren pliktar å seie frå til långjevarane som har pant i leigeretten og husa på tomta om muleg misleghald slik at desse ved å tre inn i leigetilhøvet kan hindre at kontrakta vert heva.

Volda, 2.2.77.

for Volda Hotell A/S

26094132958
festar

300708 42668
Gudrun M. Halkjelsvik.
060507 45110.
grunneigar

Vi vitnar at festar og grunneigar har skreve under denne festekontrakta og at dei er over 21 år.

Volda, 2.2.77.

Volda

AVTALE OM REGULERING AV GRUNNLEIGE

Mellom partane Brit Halkjelsvik Friisvold (Grunneigar) og Volda Hotell AS (Festar) er det i dag avtalt regulering av grunnleige for tomtestykka gnr. 19, bnr. 589, 590 og 780 i Volda. Det vert synt til pkt. 2 i tilleggsavtale av 28.12.2000, tinglyst 9.8.2001, dagboknr. 3238.

Det er semje om ny årleg grunnleige på kr. 122.744,- pr. år rekna frå 1.1.2010, med betalingsforfall 31.12.2010. Slik grunnleige vert basert på grunnpris kr. 1.000,- pr. m².

Den nye grunnleiga gjeld for 10 år, og skal neste gong regulerast med verknad frå 1.1.2020.

Volda, den 14. oktober 2010

Volda Hotell AS

Bjørn Skogen
styreformann

Eidsbygda, den 16. oktober 2010

Brit Halkjelsvik Friisvold

.....
Brit Halkjelsvik

REGISTRERT
SØRE SUNNMØRE
SORENSKRIVARAMBETE
-9 AUG 2001
DAGBOKNR 3238

TILLEGGSAVTALE

Mellom

Brit Halkjelsvik Friisvold

og

Volda Hotell A/S

er inngått følgjande tilleggsavtale vedrørane følgande festetomter:

GNR. 19 BNR. 589 Festekontrakt av 05.10.1976, dagboknr 511, tinglyst 01.02.1977.
" 19 " 590 Festekontrakt av 02.02.1977, dagboknr 680, tinglyst 09.02.1977
" 19 " 780 Festekontrakt av 10.07.1971, dagbokar 2046, tinglyst 13.07.1971

Det samla arealet for desse bruksnr. er 2.888,1 M²:
Gnr. 19, bnr. 589 1.789,8 M²
" 19, bnr. 590 117,3 M²
" 19, bnr. 780 981,0 M²

1. **Festeavgift.**
I festeavgift betalar festaren samla for dei 3 tomtene årleg kr. 60.650,- innan kvart års 31.12.
Festeavgifta er utrekna på grunnleg av kr. 300,- pr. M² og 7% renter.

2. **Regulering.**
Festeavgifta kan av festar og/eller grunneigar krevjast regulert kvart 10. år i samsvar med endringa i rentenivået og/eller eigedomens verdi.
Festeavgifta kan første gong regulerast med verknad frå 01.01.2010.

3. **Tinglysing.**
Denne tilleggsavtalen skal etter semje mellom partane tinglysast som hefte på eigedomane gnr. 19, bnr. 589, 590 og 780 i Volda kommune.

Volda, den 20/12-00

Eidsbygda, den 28/12 - 00

For Volda Hotell A/S

Bjørn Skogen

Brit Halkjelsvik Friisvold

Brit Halkjelsvik Friisvold

REGISTRERT
SØRE SUNNMØRE
SORENSKRIVARAMBETE
-9 AUG 2001

FESTEKONTRAKT

Underskrivne Sigurd H. Halkjelsvik, fødd 6.5.1907, og kona Gudrun M. Halkjelsvik, fødd 30.8.1908, eigar av g.nr. 19, b.nr. 1 i Volda, fester bort ei hotelltomt til Volda Hotell A/S. Tomta ligg i "Porsemyra" ved studentheimane og Syd for Porsemyrvegen. Viser til målebrev dagsett 27.9.76, der storleik og grenser er beskrevne.

DAGBOKNR.	DAGBOKFØRT
000680	09.2.77
SØRE SUNNMØRE SORENSKRIVAREMBETE	

Festevilkåra er desse:

1. Festetida er 99 - nittini - år frå dato.

2. I festeavgift skal festaren eller seinare festarar betale etter gjeldande takst kr. 158,35 -- etthundreogfemtiåtte 35/100--- for året, innan kvart års 31. des. Etter semje mellom partane kan festar og/eller grunneigar krevje festeavgifta regulert kvart 20. år i samsvar med rentenivået og/eller eigedomens verdi.

3. I innfesting skal festaren betale kr. 316,70 ved overtaking av festekontrakta.
Kvar ny eigar av hus på tomta skal i ny innfesting betale ein sum som tilsvarar 2 - to - års gjeldande festeavgift innen ein måned etter at sal av hus på tomta er avgjort.

4. Grunneigaren skal ha 1. pr. pant i hus på tomta for forfallen festeavgift for 1 år forutan retten til framtidig avgift.

5. Refusjonskrav for opplating av grunn, gate-opparbeiding o.l. er grunneigaren uvedkommande i festetida.

6. Skulle det offentlege eller andre oreige tomta eller deler av denne, skal heile grunnerstatninga tilfalle grunneigaren, mot tilsvarande reduksjon av festeavgifta i høve til attværande areal.

7. Festaren pliktar og halde forsvarleg gjerde mot min attværande eigedom på vestsida av tomta.

8. Kostnadene ved overdraginga ber festaren.

9. Dei långjevarane som har pant i leigeretten og husa på tomta har rett, til å tre inn i leigetilhøvet på uendra vilkår dersom leigaren mislegheld sine skuldnader til grunneigaren eller långjevarane. Grunneigaren pliktar å seie frå til långjevarane som har pant i leigeretten og husa på tomta om muleg misleghald slik at desse ved å tre inn i leigetilhøvet kan hindre at kontrakta vert heva.

Volda, 2.2.77.

for Volda Hotell A/S

26094132958
festar

300708 42668
Gudrun M. Halkjelsvik.
060507 45110.
grunneigar

Vi vitnar at festar og grunneigar har skreve under denne festekontrakta og at dei er over 21 år.

Volda, 2.2.77.

Bloo Volda

AVTALE OM REGULERING AV GRUNNLEIGE

Mellom partane Brit Halkjelsvik Friisvold (Grunneigar) og Volda Hotell AS (Festar) er det i dag avtalt regulering av grunnleige for tomtestykka gnr. 19, bnr. 589, 590 og 780 i Volda. Det vert synt til pkt. 2 i tilleggsavtale av 28.12.2000, tinglyst 9.8.2001, dagboknr. 3238.

Det er semje om ny årleg grunnleige på kr. 122.744,- pr. år rekna frå 1.1.2010, med betalingsforfall 31.12.2010. Slik grunnleige vert basert på grunnpris kr. 1.000,- pr. m².

Den nye grunnleiga gjeld for 10 år, og skal neste gong regulerast med verknad frå 1.1.2020.

Volda, den 04. oktober 2010

Volda Hotell AS

Bjørn Skogen
styreformann

Eidsbygda, den 10. oktober 2010

Brit Halkjelsvik Friisvold

.....
Brit Halkjelsvik

Dok.avg.kr. 265,-

DAGBOKNR. 000511 | DAGBOKFØRT 01.2.77
SØRE SUNNMØRE SORENSKRIVAREMBETE

FESTEKONTRAKT

Underskrivne Sigurd H.Halkjelsvik, fødd 6.5.1907, og kona

Gudrun M. Halkjelsvik, fødd 30.8.1908, eigar av g.nr. 19, b.nr. 1 i Volda, fester bort ei hotelltomt til Volda Hotell A/S. Tomta ligg i "Porsemyra" ved Studentheimane og syd for Porsemyrvegen. Viser til målebrev dagsett 8-76 der storleik og grenser er beskrevne.

Festevilkåra er desse:

1. Festetida er 99 - nittini - år frå dato.
2. I festeavgift skal festaren eller seinare festarar betale etter gjeldande takst kr. 2.416,23 -totusenfirehundreogseksten 23/100-- for året, innan kvart års 31. des. Etter semje mellom partane kan festar og/eller grunneigar krevje festeavgifta regulert kvart 20. år i samsvar med rentenivået og/eller eigedomens verdi.
3. I innfesting skal festaren betale kr. 4.832,46 ved overtaking av festekontrakta.
   Kvar ny eigar av hus på tomta skal i ny innfesting betale ein sum som tilsvarar 2 -to- års gjeldande festeavgift innan ein månad etter at sal av hus på tomta er avgjort.
4. Grunneigaren skal ha 1.pr. pant i hus på tomta for forfallen festeavgift for 1 år forutan retten til framtidig avgift.
5. Refusjonskrav for opplating av grunn, gate-opparbeiding o.l. er grunneigaren uvedkommande i festetida.
6. Skulle det offentlege eller andre ereige tomta eller deler av denne, skal heile grunnerstatninga tilfalle grunneigaren, mot tilsvarande reduksjon av festeavgifta i høve til attværande areal.
7. Festaren pliktar og halde forsvarleg gjerde mot min attværande eigedom på vestsida av tomta.
8. Kostnadane ved overdraginga ber festaren.
9. Dei långjevarane som har pant i leigeretten og husa på tomta har rett, til å tre inn i leigetilhøvet på uendra vilkår dersom leigaren misleghald sine skuldnader til grunneigaren eller långjevarane. Grunneigaren pliktar å seie frå til långjevarane som har pant i leigeretten og husa på tomta om muleg misleghald slik at desse ved å tre inn i leigetilhøvet kan hindre at kontrakta vert heva.

Volda, den 5/10-1976

for Volda Hotell A/S

Festar

f.nr. 300708[redacted]

Gudrun M. Halkjelsvik

f.nr. 060507[redacted]

S. H. Halkjelsvik

Grunneigar

Vitne: Bekreftelse på underskriftane

Vi vitnar at festar og grunneigar har skreve under denne festekontrakta og at dei er over 21 år.

Volda, 5. okt. 1976

27/1-22 - 6100 Volda

28/8-30 6100 Volda

RETT GJENPART BEKREFTES
Sunnmørsbanken a/s

Festetomt nr. 88.

Kpr.